

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet	04.04.2011	019/11	RE
Kommunestyret	13.04.2011	016/11	RE

Saksansvarleg: Rune Engehult	Arkiv: K2-S11	Arkivnr.: 11/244
-------------------------------------	----------------------	-------------------------

HØYRINGSUTTALE: OMBYGGING AV 132 KV-LINJE - HJARTDØLA - ÅLAMOEN MED
TILHØYRANDE KOPLINGSANLEGG

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	13.03.2011	Skagerak Nett as	OMBYGGING AV 132 KV - HJARTDØLA - ÅLAMOEN MED TILHØYRANDE KOPLINGSANLEGG - HØYRING

Vedlagde dokument:

- Bilete/skisse av dagens master/leidning
- Skisse av omsøkte master/leidning

Saksgang:

Formannskapet tilrår.

Kommunestyre vedtek høyringsuttale.

Bakgrunn for saka:

Skagerak Nett har søkt NVE om konsesjon for ombygging av 132 KV leidningen Hjartdøla – Grønvollfoss på delstrekninga Hjartdøla – Ålamoen (14,6 km) med tilhøyrande koplingsanlegg.

NVE har sendt saka ut på høyring saman med søknaden frå Skagerak Kraft om bygging av Sauland kraftverk.

Søknaden gjeld:

- løyve til ombygging og drift av 132 kV kraftleidning på strekninga Hjartdøla kraftverk til Ålamoen..
- løyve til bygging av nytt koplingsanlegg for Sauland kraftverk med elektriske installasjonar.
- løyve til å utvide koplingsanlegget ved Hjartdøla kraftverk.

Leidningen

Dagens leidning er bygd som dobbeltleidning på tremaster med planoppheng (vedlegg 1). Dagens master er om lag 16-17 meter høge. Det er søkt om to separate masterekkjer i same trasé. Det vil bli nytta søylemaster av stål med trekantoppheng (vedlegg 2). Total mastehøgde vil normalt vere mellom 18 og 25 meter. Det vil bli færre master enn i dag og det er ikkje nødvendig med bardunar. Dagens spenningsnivå vil ikkje bli endra. Ryddebeltet og byggeforbodsfeltet er i dag 41,8 meter. Etter ombygging kan skogryddingsbeltet bli noko redusert. Byggeforbodsbeltet vil bli oppretthalde.

Ombygginga er grunngeve med leidningen sin dårlege tekniske stand grunna alder.

Det er utarbeidd magnetfeltberekningar for eksisterande og ny leidning. Alle berekningar viser at det ved bygging av ny leidning ikkje er nokon bygg (bustadar, barnehagar eller skuler) som vil bli utsett for gjennomsnittleg magnetfelt over grenseverdien til Statens Strålevern. I dag er det fleire bustadar som kan bli utsett for høgare gjennomsnittleg magnetfeltverdi enn grenseverdien. Denne verdien er ei grense for når det skal vurderast ulike tiltak, men ikkje uttrykk for direkte helsesisiko.

Telemark fylkeskommune har føreteke kulturminneregistrering langs traseen. Det blei funne til saman 84 nye automatisk freda kulturminne fordelt på 33 lokalitetar under registringa. Det er rydningsrøyser, kolgroper, kokegroper og gravhaugar som er funne.

Hjartdøla kraftverk

Det er søkt konsesjon om nødvendig 132 kV høgspennings kabel- og apparatanlegg med tilhøyrande samleskinne. Totalt 3 felt kor eitt er nytt. Ein stk transformator med yting 10 MVA og omsetning 132 kV/22kV.

Sauland koplingsstasjon:

Det er søkt konsesjon for 132 kV høgspennings kabel- og apparatanlegg med tilhøyrande samleskinner og koplingsfelt. Totalt 6 felt. I tillegg søkast det om 2 felt i Skagerak Kraft sin søknad om Sauland Kraftverk. Koplingsanlegget er søkt plassert på Øyen.

Vurdering:

Etter ei ombygging av leidningen vil leveringssikkerheita bli betra og magnetfeltet vil bli redusert. Rådmannen finn begge desse forholda berre positive.

I nasjonal samanheng har storleik og utforming av master vore eit stort tema den siste tida. På den eine sida glir dagens tremaster betre inn i skogen enn dei nye stålmastene. På den andre sida er det ikkje behov for ei like brei uthog ”gate” med dei nye mastene.

Kulturminneregistringa har kartlagt mange kulturminne langs traseen.

Kulturminnemyndigheitene har gjeve uttrykk for at det vil bli gjeve dispensasjon frå

kulturminnelova. Rådmannen finn det likevel interessant at nokre av funna blir grunnlag for kulturformidling og kulturoppleving. Rådmannen tilrår derfor at det som avbøtande tiltak må ryddast og skiltast til nokre av kulturminna. Arbeidet må gjerast i samråd med kulturminnemyndigheitene.

Ut frå ei totalvurdering finn rådmannen at argumenta knytt til leveringsikkerheit og reduserte magnetfelt er så sterke at konsesjon blir tilrådd.

RÅDMANNEN TILRÅR:

1. Hjartdal kommune er positiv til konsesjonssøknad frå Skagerak Nett om ombygging av 132 kV leidning Hjartdøla - Ålamoen med tilhøyrande koplingsanlegg.
2. Hjartdal kommune ber om at det som avbøtande tiltak blir merka og skilta til/ved nokre av kulturminna langs traseen. Arbeidet må gjerast i samråd med kulturminnemyndigheitene.

04.04.2011 Formannskapet

Handsaming:

VOTERING:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

FOR-019/11 TILRÅDING:

1. Hjartdal kommune er positiv til konsesjonssøknad frå Skagerak Nett om ombygging av 132 kV leidning Hjartdøla - Ålamoen med tilhøyrande koplingsanlegg.
2. Hjartdal kommune ber om at det som avbøtande tiltak blir merka og skilta til/ved nokre av kulturminna langs traseen. Arbeidet må gjerast i samråd med kulturminnemyndigheitene.

13.04.2011 Kommunestyret

Handsaming:

VOTERING:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM-016/11 VEDTAK:

1. Hjartdal kommune er positiv til konsesjonssøknad frå Skagerak Nett om ombygging av 132 kV leidning Hjartdøla - Ålamoen med tilhøyrande koplingsanlegg.
2. Hjartdal kommune ber om at det som avbøtande tiltak blir merka og skilta til/ved nokre av kulturminna langs traseen. Arbeidet må gjerast i samråd med kulturminnemyndigheitene.